



Møte i SU

Dato: 26.05.2026 08:15

Sted: Møterommet

Deltakere: Even Solstad; Heidi Hervik; Ilse Kornelia Hoomoedt; Kjetil Kiland Haakenstad; Knut Magne Momrak; Siv Reidun Eide; Sofie Vågslid; Stig Kolbjørnsen; William Asnis Gauslå; Åne Vinjerui-Bergland; Ånund Bitustøyl Lien; Aanund Jentoft Nes Hauer

1. Velkommen og referat frå sist møte

Beskrivelse

Me går gjennom deltakarar og registrerer ev vikarar og kven som er fråverande.
Kort oppsummering av sist møte og aktiviteten dette skuleåret.

Beslutning

Det var få som møtte, men gruppa var vedtaksfør med ein elev i overtal.

2. Prosessen med utmelding av Elevorgansiasjonen

Kategori: Informasjon

Beskrivelse

Elevrådsleiar (eller representant frå styret) informerer om prosessen
Rektor refererer frå sjølve utmeldingsprosessen.

Oppsummering

Elevråda dei siste åra har jamleg diskutert om ein skal melde seg ut av Elevorgansiasjonen. Elevrådet vedtok sist skuleår at skulen skulle melde seg ut, men for å sikre ein god prosess fekk elevrådet i år også i oppgåve å jobbe med dette emnet. Årsak til at ein har vurdert dette er at det kostar skulen ein del, både i kontingent og i reise og opphaldsutgifter i samband med arrangement som elevane må reise på som delegatar frå skulen. For nokre elevar har dette vore tidkrevjande, og utbyttet har vore lågt for skulen sin del.

Ein god og rett prosess inbefattar uravstemming der over halvparten av elevane måtte stemme og over halvparten av stemmene måtte vere for å melde seg ut. Ei slik uravstemming er gjennomført i vår, og resultatet av den blei stort fleirtal for å melde seg ut av Elevorganisasjonen. Uravstemminga vart gjennomført av elevrådsstyret og rektor har sendt protokollen frå avstemminga og skjema for utmelding til Elevorganisasjonen.

Beslutning

Utmelding av Elevorganisasjonen er sendt.

3. Endring av reglane for studiedagar

Kategori: Informasjon

Beskrivelse

Grunna endring av eksamenstidspunkt og melding om eksamen, samt nye fråværsreglar/rettar, så vert reglane om studiedagar endra frå kommande skuleår.

Endringane er som følgjer:

- alle studiedagar må takast ut før påske
- tal på studiedagar ein kan ta ut vert likt for heile skulen; 3 (tre) dagar.

Beslutning

Orientert om endringane i møtet.

4. Arbeidet med resultat frå elevundersøkinga og skulen sin utviklingsplan

Beskrivelse

Rektor orienterer om utviklingsarbeidet til skulen, og korleis ein tenkjer seg å jobbe med utvikling det kommande skuleåret.

Orientering også om strategi for vidaregåande utdanning i Telemark og me drøftar korleis elevar kan involverast i utviklingsarbeidet.

Oppsummering

For kommande skuleår vil de bli jobba med fem utviklingsmål for skulen:

1. auka skår i elevundersøkinga på elevmedverknad i vurderingsarbeid
2. fleire strategiar for å skape eit positivt læringsklima der ulikskapar blir nytta som ein ressurs i skulekvardagen
3. plan for korleis ein kan betre lesedugleik i alle fag
4. blitt sertifisert som dysleksivennleg
5. kompetanseutvikling knytt til arbeid med matematikkvanskar

Rektor orienterte om dei ulike måla, og særskilt kring korleis ein tenkjer seg å jobbe med mål 1, då det har direkte samanheng med drøftingar skuleutvalet har hatt i samband med resultat frå elevundersøkinga:

Ein tenkjer seg ein prosess for mål 1 som kan sjå slik ut:

Leiinga ber alle faglærarar heilt i starten av kvart fag legge opp til at elevane/gruppa får drøfte kva dei legg i følgjande to spørsmål frå Elevundersøkinga:

1. Får du vere med å vurdere skulearbeidet ditt?
2. Får du vere med å føreslå kva det skal leggjast vekt på når arbeidet ditt skal vurderast?

Med dette håpar ein oppnå at elevane vert godt kjende med korleis lærar tenkjer at det er smart å vurdere prestasjonar i faget, og elevane får komme med innspel og vere delaktige i ein plan for korleis vurderingsarbeidet i faget skal gjennomførast.

Målet er knytt opp mot alle dei tre målsettingane om fullført, bestått og livsmeistring, og er difor også gjennomgripande for det meste av overordna planar og strategiar.

Beslutning

Tatt til orientering

5. Evaluering av SU-arbeidet dette skuleåret

Beskrivelse

Kva har me gjort bra?
Kunne me ha gjort noko annleis?
Råd for neste skuleår.

Oppsummering

Elevane gir uttrykk for at dei set pris på møta i skuleutvalet.
Det er kanskje ikkje dei mest kontroversielle sakene som er på agendaen, og aktiviteten er noko låg.
Elevane meiner det truleg skuldast at me har høg trivsel på skulen og at elevane stort sett har det bra. Det får me tolke som eit positivt teikn.

Beslutning

Takk for jobben i år!